

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 15.02.2021

Vår ref.: 202007632-5

Arkiv: 313

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Silje Aakre Solheim

22959544/saas@nve.no

Høyring av søknad om regulering og uttak av vatn frå Kvernavatnet i Øygarden kommune i Vestland

NVE har motteke ein søknad frå Telavåg Settefisk AS, datert 18.1.2021, om løyve til regulering og uttak av vatn frå Kvernavatnet i Øygarden kommune. Søknaden med vedlegg er lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den blir kunngjort av NVE i Bergens Tidende og Vestnytt. Dersom du ønskjer papirutgåve av søknaden kan du ta kontakt med Kristian Steinestø på tlf. 90 94 02 87 eller e-post: telavagsettefisk@gmail.com.

Kva gjer du viss du ønskjer å uttale deg?

NVE ser helst at uttalar vert sendt elektronisk vis www.nve.no/konsesjonssaker så snart som råd, og seinast innan

2.4.2021.

Det er også mogleg å sende uttalar per e-post til nve@nve.no og per post til NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Dersom de har problem med å rekke høyringsfristen på grunn av koronaviruset ber vi om at de snarast tek kontakt med saksbehandlar og søker om utsett høyringsfrist. De kan også finne informasjon om fristar på nettsidene våre: <https://www.nve.no/nytt-fra-nve/andre-nyhetssaker/nves-frister-gjelder-som-normalt-soknader-behandles-enkeltvis/>.

Uttalen eller deler av uttalen vil bli referert i eit endeleg vedtak. Dersom uttalen er lang, er det difor ein fordel om det vert laga eit samandrag som kan brukast til dette.

Informasjon til høyringspartane

Søknaden skal behandlast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Vi viser til vedlagt informasjonsark, som forklarar saksbehandlinga frå søknaden blir sendt på høyring og fram til endeleg vedtak. Her står det også kva vi ønskjer tilbakemelding om.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord

Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Skildring av tiltaket

Telavåg Settefisk AS har overtatt eit settefiskanlegg i Selstøvågen i Øygarden kommune. Her planlegg dei å etablere eit postsmoltanlegg med resirkuleringsteknologi. Det er planlagt eit vassuttak frå Kvernavatnet på maksimalt 3 m³/min (50 l/s) og gjennomsnittleg 2 m³/min (33 l/s). Det er også søkt om å regulere Kvernavatnet mellom kote 24 og kote 23. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring frå dammen på 10 l/s. Alle fysiske inngrep som dam, røyrgate og veg er allereie etablert. NVE skal behandle regulering, vassuttak og røyrgate fram til anlegget.

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Silje Aakre Solheim
seniorrådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Mottakerliste:

FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV HORDALAND
Mattilsynet
Norges Miljøvernforbund
Statsforvaltaren i Vestland
VESTLAND FYLKESKOMMUNE
ØYGARDEN KOMMUNE

Kopi til:

Rådgivende Biologer AS v/Geir Helge Johnsen
Telavåg Settefisk AS